



Dette er reguleringsplanen, med uttaksområda i fiolett

For å avgrensa ulempene for nærmiljøet vil tiltakshavar avgrensa drifta.

Det heiter det i reguleringsføresegnene for Uskedalen Sandtak. Reguleringsplan og føresegner ligg no til offentlig ettersyn for andre gongen og vil liggja ute til 15. januar, mellom anna på SPAR.. Det skal vera normal drift i sandtaket frå klokka 6 til 17 måndag til fredag og transport frå 8 til 22 måndag til laurdag.

Om masseuttaket heiter det mellom anna at det kan setjast opp nødvendige installasjonar som soldeverk og knuseverk med meir. Store steinar kan sprengjast, men det skal ikkje sprengjast eller takast ut fjell. Lågaste uttaksnivå er i plan med vegen inn og gjennom området.

På området kan det setjast opp, vedlikehaldast og utvidaast bygg for kontor, administrasjon, velferd samt vedlikehald av maskiner og utstyr med ei maaksimal mønehøgde på 10 meter. Sanitært avløpsvatn skal førast til tett tank.

Området har små og ubetydelege bekkar ned frå vest. Før uttak startar i eitt område, skal slike bekkar vera lagd i røye utanfor uttaksområdet. Sedimenteringsbasseng skal etablerast i samsvar med rettleiing i konsekvensutredninga og haldast vedlike.

Utslepp av støy, støv og anna frå uttaket må ikkje vera til ulempe for tiliggande bustadar. Utslepp av støy skal ligga innanfor ein grense på 55 Lden frå klokka 6 til 18 og 50 frå 18 til 22.

Området skal tilbakeførast til jordbruksføremål etter anleggsperioden. Skråningane skal tildekkast med voksterleg masse. Felles veg gjennom området skal til ei kvar tid vera open for allmenn ferdsle og sikra. Mot sør, vest og nord skal området til ei kvar tid vera inngjerda og sikra mot fall.

Eksisterande vegetasjon skal takast vare på i buffersona mot elva. Dette gjeld spesielt store tre og treklyngjer. Buffersona skal vera beplanta.

Alle steingardar skal takast vare på.

Av Ola Matti Mathisen